

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen
Arkivsaksnr.: 17/57 - 15

Arkiv: B13

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage
Kommunestyret

VASSHUS SKULE OG HORPESTAD SKULE - NEDLEGGING

Bakgrunn for saka

Hovudutval for skule og barnehage vedtok på møtet 4.5. i sak 12/17 å senda ut høyring om eventuell nedlegging av Vasshus skule og Horpestad skule. For Vasshus skule ba utvalet om synspunkt på om tiltaket skulle effektuerast i 2018 eller 2019. For Horpestad skule er aktuelt tidspunkt når ny skule i Kleppe står klar.

Innkomne høyringar om Vasshus skule:

- *Samarbeidsutvalet ved Vasshus skule og barnehage* har vedteke at dei ulike interessegruppene – elevråd, foreldre og tilsette vil gi si eiga høyringsuttale.
- *Elevrådet ved Vasshus skule* vil ikkje legga ned skulen og peikar på flott uteområde, godt miljø og små klassar som fordelar. I eit eventuelt val av 2018 og 2019 listar elevrådet opp fordelar og ulemper ved dei to åra.
- *FAU ved Vasshus skule* peikar på at omsynet til elevane må telja mest og ønsker derfor freding av skulen. Dette blir grunnlagt med kvaliteten på opplæringa og gode sosiale forhold på Vasshus skule.
- *Klubben i Utdanningsforbundet ved Vasshus skule* konkluderer med at nedlegginga bør finna stad i 2018 både av omsyn til personalet og elevane si læring. Klubben peikar på at det vil vera kjente pedagogar i overgangsperioden. For elevane si læring vil det vera viktig med stabilitet og forutsigbarhet. Dersom ein ventar til 2019 vil lærarane føla seg nøydde til å søka seg til andre skular. Vasshus skule kan då risikera å stå utan kvalifisert personale og leiarteam. Klubben ser at det kan bli trongt det halve året til skulen står ferdig.
- *Klubben i Utdanningsforbundet ved Bore skule og Delta og Fagforbundet* meiner ein må venta med å overføra elevar til Bore skule til 2019 på grunn av at ein er midt i byggeperioden i 2018.
- *Silje Tjelta Engelsvoll* meiner at skulen ikkje må leggest ned og peikar på kvaliteten ved skulen og kor viktig denne er for bygda. Ho roser lærarane for innsatsen når skulen har vore nedleggingstruga over lenger tid.

Innkomne høyringar om Horpestad skule:

- *Samarbeidsutvalet ved Horpestad skule* ser helst at skulen består, men meiner at Horpestad skule ikkje må leggest ned før ny skule står klar. Alle tilsette må få følga over i ny skule.
- *FAU ved Horpestad skule* peiker på at det vart gitt 51 røyster ved skulen. 26 ville behalda skulen, og 23 ville ha overføring til ny skule. 5 av desse uttala at det gjeld bare om ny skule blir liggande ved BMX-banen. FAU nyttar røystetalet til å uttala at det ikkje har grunnlag for å kjempa for Horpestad skule. FAU uttalar i tillegg at dei reknar med at det blir ei høyring når ny skule er vedtatt.
- *Klubben i Utdanningsforbundet ved Horpestad skule* støttar høyringa, men meiner det er trist at skulen blir lagt ned.

Vurdering

For begge skulane er det fråsegn om at det ikkje er ønskeleg å legga ned skulane. Årsaka til at kommunestyret vil bygga ny skule og legga ned Horpestad skule og Vasshus skule, er

kapasitetsproblema på Bore skule og Kleppe skule. Nedlegginga er også begrunna i kostnader ved dei to skulane og kommunen sitt behov for innsparingar.

Fråsegna i forhold til **Horpestad skule** går mest på å ta vedtaket til orientering. Det blir påpeika at nedlegging ikkje må skje før ny skule på Kleppe står klar. Men det ligg også i korta i fråsegna frå FAU at vedtaket er knytta til at ny skule blir lagt ved BMX-banen.

I **Vasshus-krinsen** er det motstand mot å leggja ned skule både frå elevråd og FAU. Det vil vera plass på Bore skule i dei eksisterande klassane på skulen (jfr vedlegg om elevtal). Og over fleire år har nedlegging av Vasshus skule blitt tilrådd ut frå økonomiske argument.

Klubben i Utdanningsforbundet ved Bore skule og to fagorganisasjonar tilrår at ein ventar til 2019 med å overføra elevane frå Vasshus skule til Bore skule. Argumentet er at det er trøngt i byggeperioden. Denne vil vera ferdig til nyttår 2019. Rådmannen er på linje med Klubben i Utdanningsforbundet ved Vasshus skule som tilrår 2018. Ved å venta til 2019 varslar dei tilsette at dei då må søka nye stillingar frå 2018 for å sikra at dei får ønskeleg arbeidsstad. Det vil vera svært uheldig om elevane ved Vasshus skule får 2 byter i løpet av to skuleår om ein ventar til 2019. Og det vil truleg vera vanskeleg å få tak i kvalifisert personale når det bare vil gjelda for eitt år. Så det er først og fremst omsynet til elevane som ligg til grunn for å tilrå overgang i 2018.

Ein overgang for alle elevar og tilsette frå 2018 vil sikra gode overgangar for elevar og tilsette ved Bore skule og Vasshus skule. Og eventuelle ulemper ved byggeperioden på eitt halvt år veg ikkje opp dei ulempene som er nemnde over.

Vedlegg

- Sak 12/17 i Hovudutval for skule og barnehage
- Uttale Klubben i Utdanningsforbundet ved Vasshus skule og barnehage
- Uttale Silje Tjelta Engelsvoll
- Uttale Klubben ved Bore skule
- Uttale FAU Horpestad skule
- Uttale Samarbeidsutvalet ved Vasshus skule og barnehage
- Uttale Elevrådet ved Vasshus skule
- Uttale FAU Vasshus skule

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for skule og barnehage og kommunestyret med slik tilråding:

1. Vasshus skule opphøyrer som skulekrins frå og med skulestart 2018. Kringen blir som ein del av Bore skulekrins.
2. Horpestad skulekrins opphøyrer som skulekrins når ny skule ved BMX-banen står klar. Kringen blir ein del av kringen for den nye skulen.

Rådmannen i Klepp 15.08.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.